

Oppdatert informasjon om fagfeltet fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse

Førde:

Ved FSS (Førde sentralsjukehus) vert spesialiteten fysikalsk medisin og rehabilitering i dag utøvd ved 2 kliniske seksjonar, som organisatorisk er plassert under 2 ulike avdelingar:

1. Rehabiliteringssengepost (FMR sengepost), som organisatorisk inngår i Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (avdelingssjef: Signe Nordvik).
2. Seksjon for Læring, meistring, fysikalsk medisin og rehabilitering (seksjonsleiar Are Lillebø), består av:
 - Fysikalsk medisinsk og rehabiliteringspoliklinikk (FMR poliklinikk)
 - Smertepoliklinikk
 - Lærings- og meistringseining

Organisatorisk er seksjonen underlagt Avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenestar (avdelingssjef Stig Igland).

(FMR sengepost og FMR poliklinikk har lokalisasjon ved Førde sentralsjukehus, mens Smertepoliklinikken er lokalisert ved Sunnfjord medisinske senter (SMS) i Florø.)

Under Avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenestar finn vi også seksjon for fysioterapi, og seksjon for ergoterapi, med eigne seksjonsleiarar. I tillegg til at fysio- og ergoterapi medverkar i tenestetilbodet ved FMR sengepost, FMR poliklinikk, og Smertepoliklinikk, server dei også dei andre kliniske sjukehusavdelingane i Helse Førde, samt polikliniske tilbod i regi av andre fagområde ved sjukehuset.

FMR sengepost:

Personell:

Overlege (i fys.med./ rehab.), LIS lege, sjukepleiarar, fysioterapeutar, ergoterapeutar, logopedar, nevropsykolog, psykolog, synspedagog.

Tilbod:

Har (pr i dag) 4 sengeplassar for døgnrehabilitering (samlokalisert med nevrologisk sengepost). Rehabiliteringsopphald ved FMR sengepost er mest aktuelt etter akutttopphald i sjukehus. Aktuelle målgrupper er slagpasientar, hovudskadepasientar, multitraumepasientar, pasientar med ryggmargsskade, multiorgansviktpasientar, og amputasjonspasientar (andre diagnosegrupper kan og vere aktuelle).

Rehabiliteringsopphald i sjukehus (føremål *primærrehabilitering*) er aktuelt når det er særskilt behov for kompetanse, intensitet i tilbod, eller tilgang på spesialisert utstyr til bruk i rehabiliteringa. Det er ein føresetnad for opphald at pasienten vert vurdert å ha eit rehabiliteringspotensiale. Pasientar som normalt skal rehabiliterast i kommunehelsetenesta, vil ikkje bli prioriterte.

Opphald med føremål *seinrehabilitering* kan også vere aktuelt (for pasientar som har hatt utfall i ein lengre periode, og som seinare i forløpet kan ha nytte av eit opphald med meir intensiv eller kompleks rehabilitering). Aktuelle pasientar tilvisast frå kommunehelsetenesta.

Det er ein føresetnad for opphald (både primær- og seinrehabilitering) at pasienten vert vurdert å ha eit rehabiliteringspotensiale.

Pasientar som normalt kan rehabiliterast i kommunehelsetenesta, vil ikkje bli prioriterte.

Ved behov vil tverrfagleg rehabiliteringsteam ved FMR sengepost i ein del tilfelle kunne føreta ambulante besøk til rehab.pasientar i kommunane.

FMR poliklinikk:

Personell:

2 overlegar (med spesialitet i fys.med./rehab), 2 LIS legar, psykolog, sosionom, fysio- og ergoterapeutar, og sekretæreneste.

Målgrupper:

Største gruppa som blir tilvist til FMR poliklinikk er pasientar med langvarige muskel-skjelettsmerter (som ikkje skuldast ortopediske, revmatologiske eller nevrologiske lidingar/ tilstandar).

Pasientane vil kunne tilvisast for diagnostisk avklaring og behandling/ rehabilitering, viss fastlege/ primærlege treng hjelp frå spesialisthelsetenesta for å kome vidare.

Smertetilstandane fordeler seg på:

- utbreidde muskel-skjelettsmerter (omfattar fibromyalgi/ kronisk muskelsmertesyndrom)
- nakkesmerter
- skuldersmerter
- ryggmerter
- bekkensmerter/ hoftesmerter
- smertetilstandar i ekstremitetar.

Pasientar med varierende grader av trøyttheit/ slitenheit (utmattning/ fatigue) er også aktuell målgruppe. Nokon pasientar har både smerteplager og utmattning, andre har overvekt av utmattning. (Vanlege diagnosenemningar i denne gruppa er CFS/ ME, kronisk utmattingsyndrom, postviralt utmattingsyndrom, asteni, nevrasteni, utbrentheit).

Hjå mange av pasientane vil bakanforliggjande problemstillingar vere komplekse og samansette, og pasientane vil då ha nytte av tverrfagleg vurdering og tilnærming.

Andre tilbod ved poliklinikken:

Polikliniske vurderingar av pasientar som er innafor målgrupper for FMR sengepost (jmf ovanfor) i dei tilfella dette ikkje kan takast hand om i kommunehelsetenesta. (Alternativt kan det nyttast ambulante vurderingar av rehabiliteringsteamet ved FMR sengepost).

For dei same pasientgruppene har vi også funksjon som førarkortpoliklinikk.

FMR poliklinikk utarbeider spesialisterklæringar på oppdrag frå NAV, forsikringsselskap, o.a., innanfor problemstillingar som naturleg høyrer heime under FMR.

Kva problemstillingar skal ikkje til FMR poliklinikk?

Gjeld: Langvarige og betydelege muskel-skjelettsmertetilstandar (som openlyst ikkje er aktuelle for FMR pol), samt nevropatiar, regionale smertesyndrom (CRPS/ refleksdystrofi), somatiseringslidingar, og medikamentavhengige smertetilstandar (desse skal til smertepoliklinikk).

Ved mistanke om ortopediske, nevrologiske, eller revmatologiske problemstillingar (som skal til aktuell poliklinikk).

Tilvisingar som vurderast heimehøyrande på ein av dei andre poliklinikkane, vil bli overførte dit.

Smertepoliklinikk:

Personell:

Overlege (spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering), psykolog, rehabiliteringssjukepleiar (koordinator), sosionom (som og har funksjon som familieterapeut og likeperson), fysioterapeut, og sekretæreneste.

Målgruppe:

Smertepoliklinikken har sendt ut eige informasjonsbrev om verksemda si., - viser til dette.

«Rett» poliklinikk:

Sidan Smertepoliklinikken vart etablert i mai 2017, har det vore ein del tilvisingar som blir feiladressert til Smertepoliklinikk, men som ut frå aktuell problemstilling høyrer heime på FMR poliklinikk.

For best mogleg å sikre at ulike smertepasientar kjem til «rett» poliklinikk, er det etablert eit fast samarbeid om inntak mellom FMR poliklinikk og Smertepoliklinikken.

FSS, 23.01.19

Terje Kjer

avd.overlege, FMR